Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

VEIDEKKE INDUSTRI AS asfaltfabrikk Førde
Fjærevegen 1
6800 Førde

Leikanger, 12. juli 2017

Dykkar ref.:

Vår ref.(oppgi ved svar):
07/3678
Sakshandsamar:
Gøsta Hagenlund

Inspeksjonsrapport: Inspeksjon ved Veidekke - Førde asfaltfabrikk
Kontrollnummer: 2017.071.I.FMSF

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Even Solheim

Frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:
Gøsta Hagenlund

Andre deltakarar frå verksemda:
Lasse Tefre

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Veidekke - Førde asfaltfabrikk den 15.06.2017. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane avdekka 2 avvik og ga 3 merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemda har utslepp av sand og finpartiklar til sjø
- Verksemda kan ikkje dokumentere at miljørisiko og tilstrekkelege førebyggande tiltak mot utslepp frå tanklagring er gjennomførte

Merknader:

- Søl frå anlegg for kjemikal til vask av asfaltrestar
- Dokumentasjon på gjennomført vurdering av substitusjon og vurdering av miljøfare til kjemikalia mangla
- Handtering av container for farleg avfall har nokre forbetringspunkt

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

12. juli 2017	Gøsta Hagenlund	Nils E. Yndesdal
dato	kontrollør	fylkesmiljøvernsjef

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Kopi av rapporten skal sendast til:

- Førde kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: VEIDEKKE INDUSTRI AS asfaltfabrikk Førde	
Organisasjonsnr.: 872220402	**Eigd av:** 913536770
Bransjenr. (NACE-kode): 23.990 - Produksjon av ikke-metallholdige mineralprodukter ikke nevnt annet sted	

Kontrollert eining

Namn: Veidekke - Førde asfaltfabrikk	**Anleggsnr.:** 1432.0006.01
Kommune: Førde	**Fylke:** Sogn og Fjordane
Anleggsaktivitet: Asfaltverk	
Løyve gitt: 30. desember 1991	**Sist endra:** 29. mars 2005

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i ureiningsregelverket, vert haldne.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Kjemikalier

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Fylkesmannen avdekka to avvik innanfor dei områda som vart kontrollerte. Verksemda pliktar å rette opp avvik som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan 1. oktober 2017 sender ei

skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva for tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber også om at verksemda sender ei kort utgreiing av korleis merknadene er vurdert, og eventuelt korleis dei vil verte følgd opp.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller (helst) som vedlegg i e-post (fmsfpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ved Gøsta Hagenlund.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som er gitt til verksemda. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i ureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder er fastsette i ureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Veidekke industry as - Førde asfaltfabrikk betale eit gebyr på kr 7 500,- for inspeksjonen, jf. ureiningsforskrifta §§ 39-7. Dette svarer til gebyrsats 4 for tilsyn av inntil en dags varighet. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til ureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1. Verksemda har utslepp av sand og finpartiklar til sjø

Avvik frå:
Ureiningslova § 7

Kommentarar:

Noko sand som vert lossa frå båt, hamnar på kai rett ved sjøkant. Noko av denne sanden vert mista til sjø. Det er tydeleg spor av avsig av sand/finpartiklar til sjø og det er lyse parti nede i sjøen som tyder på at avsiget har eit visst omfang.
Verksemda har ikkje løyve til utslepp av sand/finpartiklar til sjø. Utsleppet vert også vurdert som unødvendig for produksjonen.

Informasjon
Vi har observert at de har samla opp sand/partiklar på kaia med mini hjullastar. Dette skal verksemda ha honnør for. Det var tydelege teikn på at sand har vore teke opp. Lastaren når likevel ikkje heilt ut på kaikant.

Avvik 2. Verksemda kan ikkje dokumentere at miljørisiko og tilstrekkelege førebyggande tiltak mot utslepp frå tanklagring er gjennomførte

Avvik frå:
Kap. 18 i ureiningsforskrifta

Kommentarar:
Verksemda har tank for amin og for diesel som er omfatta av krava i kap. 18 i ureiningsforskrifta. Verksemda kunne ikkje vise til at tankane var tilstrekkeleg vurdert for miljørisiko i samsvar med § 18-4. Tankane vil difor kunne mangle tiltak for risikoreduserande tiltak etter § 18-5 og førebyggande tiltak etter § 18-6. Kontrollen omfatta ikkje detaljert gjennomgang av planar og tiltak verksemda må gjennomføre etter kap.18.

Eit par døme:
Det vart påvist at tankane manglar fysisk barriere mot utslepp. Dersom det er rett at amin-tanken vart etablert etter 2013, er tanken allereie no omfatta av krava om oppsamlingsbasseng eller tilsvarande.
Dieseltanken er frå om lag 1991. Tanken skal ikkje vere kontrollert for innvendig rust, noko som bør vere eit av dei førebyggande tiltaka.

Informasjon
For tank som er etablert før 2014 vert ikkje kravet om den tredje barrieren mot utslepp (utsleppsarrangement) gjort gjeldande før frå 2019.
Fylkesmannen er kjent med at Veidekke arbeider med planar for sikring eller skifting av alle tankar som vert omfatta av reglane i kap. 18 i ureiningsforskrifta innan 2019.

7. Merknader
Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1. Søl frå anlegg for kjemikal til vask av asfaltrestar

Kommentarar:
Under behaldaren for kjemikal til vask av asfaltrestar er det oppsamlingskar for drypp og restar. Rundt behaldaren var det ein del søl av olje og/eller vaskemiddelblanding. Sølet utgjer ikkje ein direkte ureiningsfare då det hamnar på asfaltert flate og har høvesvis

liten utstrekning. Likevel utgjer sølet ein fare for personell og ein fare for at det kan verte dradd med vidare utover. Verksemda må sikre seg best mogeleg mot slikt søl (kan det ha vore eit uhellsutslepp?), og må syte for rask oppsamling og hindringa av spreiing av ev. nytt søl/uhell.

Informasjon
Bilane hentar kjemikal til vask av asfaltrestar frå behaldar ute. Oppsamlingsbehaldar under kjemikaliebehaldaren var nesten full. Innhaldet må tømast som flytande, farleg avfall, og det vil vere i verksemda si interesse å ha minst mogeleg vassinnblanding i oppsamlingskaret. Avfall etter utlegging av absorpsjonsmiddel må leverast som farleg avfall, dersom verksemda ikkje vurderer at restane kan inngå i produksjonen.

Merknad 2. Dokumentasjon på gjennomført vurdering av substitusjon og vurdering av miljøfare til kjemikalia mangla

Kommentarar:
Verksemda kunne ikkje leggje fram oppdatert substitusjonsvurdering. Vi aksepterer at det er eit konsernansvar å vurdere innkjøp av kjemikal. Likevel er det den enkelte verksemd sitt ansvar å etterspørre og ha slik oversikt lokalt tilgjengeleg.
Som del av vurderinga bør verksemda også vurdere å ha gruppert oversikt over kva for miljø- eller helsefare det enkelte kjemikal utgjer.

Informasjon
Vi vil elles merke at verksemda hadde ein god oversikt over sikkerheitsdatablad for alle sine kjemikal, og datablada var mest alle av nyare dato.

Substitusjonsplikta i produktkontrollova § 3a inneber at alle verksemder som nyttar helse- og miljøfarlege kjemikal har ein plikt til å gjennomgå sin bruk av kjemikal med sikte på å redusere helse- og miljøfare knytt til verksemda sine aktivitetar. Slik vurdering er også nødvendig å gjennomføre i samsvar med § 5 pkt. 6 i internkontrollforskrifta. Dersom det finst mindre skadelege alternativ skal dette alternativ velgast dersom det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

Merknad 3. Handtering av container for farleg avfall har nokre forbetringspunkt

Kommentarar:
Krava i kap. 11 i avfallsforskrifta om "forsvarleg oppbevaring" utløyser behov for fleire vurderingar og fysiske tiltak. Vi ber verksemda vurdere om fleire tiltak bør gjerast ved denne containeren.

Nokre døme:
Til vanleg bør kvar avfallstype ha eigna emballasje som er merkt med avfallstype, avfallsstoffnummer og ha plass til deklarasjonsnummer. Avfallstypane smøreolje og spann med "amin med metylenklorid" kan vere betre merkt og kan hende betre emballert. Verksemda bør vurdere om dei skal bestille eigna, tom emballasje frå avfallsfirmaet når avfallet vert henta. Deltakarane på inspeksjonen stilte også spørsmål ved om rutinane for handtering av avfallstypen "amin med metylenklorid" var optimale

eller etterlevd optimalt. Det kan vere grunn til å presisere rutinar eller handtere den observerte lagringa som eit internt avvik.
Containeren står på industriområde, men utanfor inngjerda område. Containeren var også ulåst (på dagtid). Vi etterlyser om plassering og låsrutine er risikovurdert og i samsvar med verksemda sin aksept for risiko.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (ureiningslova) med underliggjande forskrifter
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Perm med oversikt over kjemikal

9. Informasjon til verksemda

Regelverk og anna som det vart informert om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (ureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a)
- Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)